

NVE- KONSESJON-avdelinga
Postboks 5091
Majorstua
0301 OSLO

Knut Øvrehus
Monsrudveien 113
1920 Sørumsand

Som grunneigar i Austrepollen er eg sterkt i mot Statkraft sine planar om utbygging av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene. Eg er eigar av garden Øvrehus gnr 57 bnr 1 og har mitt seterarbeite oppe på Breidaskardet, ikkje so langt unna Pyttafloene og eg har ofte brukt og familien brukar ofte den vegen på veg til setra. Det er ein flott veg å gå og svært populær for turistene. Turstien er merkja frå Markjelke til Hundsøyro og går rett ved dei to vatna som er planlagd overført til Bukkaspelvatnet og Svartadalsvatnet. Pyttafloene er et sermerkt område som ikkje har sittt like so veldig mange stader og ved inngrep i dette området vil det verka meningslaust når gevinsten er så liten som han er.

Vassføringa i Austrepolluelva vil bli betraktelig mindre og muligens vil bekkjørreten bli borte. Laks og sjøaure forsvant som ein konsekvens av utbyggjinga på 70-talet sidan det ikkje var krav om minstevassføring. Vi i Austrepollen har også vår vassforsyning frå grunnvatnet som kan komme frå Såfossen og det er vanskeleg å sjå korleis inngrepet på Pyttafloene med ringverknings vil ha på vassverket. Dette er ikkje nemnd i søknaden til Statkraft. Lenger nede ved Øvrehusgardane er det også lagd til ein veg ned til elva for henting av vatn i tilfelle brann. Om vassføringa i Austrepolluelva vil gå ned er det vanskeleg å seie korleis innvirkningane på tilgangen til pumpevann for brannvern vil vere. Austrepolluelva er også blitt brukt som eit magasin for vanning ved tørre somre. Ikkje noko av dette er nemnd i søknaden.

Den aller største konsekvensen vil utan tvil vere at Såfossen blir praktisk talt borte. Denne fossen som i alle tider har heldt merkje som eit tekn på når ein skulle så om våren, held alle innbyggjarane i Austrepollen og bygdene rundt svært høgt. Det er ein flott foss og den siste som finnes i Austrepollen, og kan sees på lang avstand. Den har ei fri fallhøgde på minst 100 meter og det vil vera svært beklagelig om denne skulle forsvinne.

Som ein konsekvens av alt dette vil eg sterkt fråråde å gi konsesjon til Statkraft Energi AS om overføringa av Vatn 1062 og Vatn 1112 til Mauranger Kraftverk.

Mvh Knut Øvrehus